

Kultur - og kyrkjedepartementet
Postboks 8030

0030 OSLO

Kultur- og kirkedep.
KU
00.00.0001
Ku 2
2004/363 - 014

Dato: 04.03.04
Jnr.: 002405/04
Arkivnr.: L32 & 13

Vår ref: JGU - 04/00438
Dykkar ref:

FORSLAG OM ENDRING AV LOV OM STADNAMN - HØYRINGSFRÅSEGN

Stord kommune har fått til høyring Framlegg til endring av lov om stadnamn. Kommunen v/rådmannen har slike merknader til framlegget:

§ 1 i lova: Stord kommune er samd i at lova bør få ein føremålsparagraf.

§ 2 punkt e bør lyda: *lokal talemålsform, den nedervde uttaleforma (seiemåten) som er eller har vore i bruk av folk heimehøyrande på staden.*

§ 4 Reglar om skrivemåten. Fyrste leddet bør føra vidare føresegna i no gjeldande lov frå 18.mai 1990: *Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. Siste leddet i dette avsnittet bør lyda: Når språkhistoriske grunnar og lokal/regional uttalemåte talar for det, kan skrivemåten av stadnamn avvike frå gjeldande normative rettskriving.*

Merknad: Framlegget frå departementet om å ta bort no gjeldande formulering: **den nedervde lokale uttalen** og erstatta denne med "den lokale talemålsforma av namnet" inneber at stadnamna som vår felles kulturhistoriske arv kan missa det vernet som formuleringa nedervd lokal uttale hittil har gjeve dei tradisjonelle namna, slik at dei kan førast vidare av komande generasjonar. Stord kommune rår derfor sterkt frå å ta bort no gjeldande formulering, dvs **nedervd**.


§ 6 Nærmare om saksbehandlinga.

Andre perioden bør få denne utforminga: *Eigar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn. Resten av perioden bør gå ut.*

Merknad: Det er ingen grunn til å tru at ein (ofte tilfeldig) grunneigar på eit visst tidspunkt kan sitja inne med så stor kompetanse at hans synspunkt skal tilleggjast særskild vekt. I alle høve bør ikkje formuleringa få generell utforming. Alternativt bør det heita "når særlege grunnar talar for det", for eksempel dersom grunneigaren er berar av den *genuine lokale namnetradisjonen*.

Ein særmerknad til lovframlegget: Det kjem ingen stad fram i lovutkastet at stadnamna er vår felles kulturarv, som me alle bør ha høve til å innvirka på og ta del i forvaltninga av. Lova burde heimla ein slik allmenn, demokratisk rett.


Reidun Myklebust
kommunalsjef


Herdis Elin Belsvik
einingsleiar kulturtenester